



Notat

Dato: 06.10.2014
Arkivsak: 2014/548-46
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Tom-Charster Nilsen, Fylkesordførar

Frå: Guro Klyve, Eigedomsseksjonen

Sal av Voss Husflidskule. Underteikning av skøyte og sikringsobligasjon.

Fylkestinget fatta den 15.10.2013, sak 50/13, vedtak om sal av Voss Husflidskule.

Eigedomen vart lagt ut for sal i den opne marknaden i november 2013 gjennom eigedomsmeklarselskapet Fana Sparebank Eiendom AS. Prisønske var kr. 8 mill., og eigedomen vart selt for kr. 11,6 mill.

Kjøpar, Byggpartneren AS, org.nr. 988 929 743, overtek eigedomen den 15.12.2014. Fylkeskommunen leiger skuleeigedomen tilbake fram til Nye Voss gymnas er klar for innflytting.

Vedlagt følgjer skøyte på gnr. 42 bnr. 31 i Voss kommune samt pantedokument/sikringsobligasjon. Begge dokumenta skal tinglysast.

Pantedokumentet/sikringsobligasjonen er pålydande kjøpesummen med tillegg av ein sikringsmargin, med samla beløp kr. 14 mill. Dokumentet vert sletta i grunnboka når meklar, Fana Sparebank Eiendom AS, har fullført det økonomiske oppgjeret.

Vi ber om at skøytet vert signert og stempla i pkt. 9, og at pantedokumentet/sikringsobligasjonen vert signert og stempla i pkt. 8.

Guro Klyve
Eigedomsseksjonen

Vedlegg

- 1 Skøyte
- 2 Sikringsobligasjon
- 3 Firmaattest - kjøpar